

Referat frå styremøte nr. 3-2021

Dato: 25. mars 2021

Tid: kl. 11.30-13.30

Stad: Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune) (Deltok i møtet f.o.m. sak 21/21)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Forfall:

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal (til kl. 12.00)

Rådgivar Vegard Austnes

Andre:

Egil Romslo Schistad, lege ved Ålesund sjukehus og styremedlem i Foreningen Sjukehuset Vårt (sak 21/21)

Referent:

Vegard Austnes

Sak 19/21: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend. Styremedlem Dag Olav Tennfjord meldte ei sak til eventuelt: Meld. St. 19 (2020–2021) Styring av statlige universiteter og høyskoler. Han tok opp spørsmålet om Møre og Romsdal kan posisjonere seg for eit utvida studietilbod.

Sak 20/21: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 2-2021 (12.03.21)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 2-2021 vart godkjend.

Sak 21/21: Orientering om PCI

Ved Egil Romslo Schistad, lege ved Ålesund sjukehus og styremedlem i Foreningen Sjukehuset Vårt

PCI (perkutan koronar intervensjon) er ein behandlingsteknikk for å opne tronge eller tette kransarterier.

I dag vert pasientar frå Møre og Romsdal sendt til St. Olavs hospital i Trondheim for PCI-behandling. Etablert behandling i Møre og Romsdal er trombolyse (sterkt blodfortynnande medisin). Primær PCI er førsteval om det kan gjerast innan 120 minutt frå «første medisinske kontakt». Det er i dag eit fagleg utval som arbeider med utgreiing av PCI i Møre og Romsdal.

Styret vil sjå an konklusjonane i utvalet si utgreiing, og arbeide politisk med saka før ho kjem til behandling i styret i Helse Møre og Romsdal HF/Helse Midt-Norge RHF. Det er viktig at ein politisk er tydeleg på at ein ønskjer eit PCI-senter i fylket.

Styret vert å kome tilbake til saka på eit seinare styremøte.

Sak 22/21: Medlemskap i Lyntogforum

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Jf. sak 14/21 på førre styremøte 12. mars ønskjer Lyntogforum at Sunnmøre Regionråd skal bli medlem. Medlemskapet kostar kr. 5000,- i årleg kontingent. Lyntogforum ønskjer også eit fagleg/politisk samarbeid med Sunnmøre Regionråd.

Vedtak: Sunnmøre Regionråd går ikkje inn som medlem i Lyntogforum på noverande tidspunkt.

Sak 23/21: Utkast til uttale vedrørende kollektivtilbud etter realisering av ny E39 Ålesund – Molde. Ved nestleiar i styret Eva Hove

Saka vart utsett til neste møte då Eva Hove hadde meldt forfall til møtet.

Sak 24/21: Arena Sunnmøre 2021

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Leiar av distriktsdemografiutvalet Victor Norman innleiar Arena Sunnmøre 2021 med å presentere utvalet sitt arbeid. Utgreiinga viser at det blir fleire eldre og færre unge i distrikta framover. Direktør Merete Mikkelsen frå Vest-Norges Brusselkontor vil deretter snakke om utfordringane frå eit EU-perspektiv.

Etter desse innlegga vert det debatt i 2 panel: eit politisk panel og eit panel med fokus på næringsliv og attraktive samfunn.

I det politiske panelet deltek Victor Norman saman med ordførarane Eva Vinje Aurdal, Lena Landsverk Sande, Jan Ove Tryggestad og Knut Erik Engh.

I panelet med fokus på næringsliv og attraktive samfunn deltek kommunedirektørane Åslaug Krogsæter (medlem i distriktsdemografiutvalet) og Rune Sjurgard, regiondirektør NHO Møre og Romsdal Espen Remme, dagleg leiar Kjersti Slotsvik i Sørsida Utvikling AS og tettstadskoordinator Josefine Rødal Tomren frå Vestnes Næringsforum.

Arrangement vert digitalt, med The North West ved dagleg leiar Gjermund Kvernmo Langset som fasilitator. Sunnmørsposten streamer arrangementet.

Sak 25/21: Etablering av revidert samarbeidsstruktur og helsefelleskap med sekretariat

Ved rådgivar Vegard Austnes

Revidert samarbeidsavtale mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane er behandla eller er til behandling i kommunane. Den [reviderte samarbeidsavtalen](#) inneheld ein revidert samarbeidsstruktur. Struktura byggjer på oppretting av helsefelleskap (jf. [avtale mellom KS og regjeringa 23. oktober 2019](#)).

Helsefelleskap skal m.a. bidra til auka merksemd på sjukehus og kommunar sitt felles ansvar og planlegging av pasienten si helseteneste.

Helsefellesskap er organisert på 3 nivå:

1. Partnerskapsmøte (politisk og administrativ toppleing i kommunar og helseføretak)
2. Strategisk samarbeidsutval (adm. og fagleg leiing i kommunar og helseføretak)
3. Faglege samarbeidsutval (og lokale samarbeidsutval)

Til nivå 1 partnerskapsmøte skal Sunnmøre Regionråd peike ut to ordførarar, to kommunedirektørar og to kommunalsjefar/kommuneoverlegar.

Sunnmøre Regionråd skal også (jf. punkt 5.5 i samarbeidsavtalen) peike ut ein representant til eit samarbeidssekretariat mellom Helse Møre Romsdal og kommunane. Sekretariatet som skal vere eit kontaktpunkt i samarbeidsspørsmål.

Sunnmøre Regionråd har imidlertid foreslått å peike ut 2 representantar frå Sunnmøre, ein frå kvart av dei to sjukehusområda, til samarbeidssekretariatet (jf. vedlagd høyringssvar frå Sunnmøre Regionråd om samhandlingsressurs i Møre og Romsdal).

Styret drøfta saka, og vert å kome tilbake til saka på neste styremøte.

Sak 26/21: Eventuelt

Styremedlem Dag Olav Tennfjord meldte ei sak til eventuelt: Meld. St. 19 (2020–2021) Styring av statlige universiteter og høyskoler. Han tok opp spørsmålet om Møre og Romsdal kan posisjonere seg for eit utvida studietilbod. Administrasjonen i Sunnmøre Regionråd utarbeider eit kunnskapsgrunnlag om saka til neste styremøte.